

## MØTEPROTOKOLL

### Høgskulestyret

**Dato:** 09.03.2017 kl. 10:00  
**Sted:** Bergen (Solstrand)  
**Arkivsak:** 17/00097

**Tilstede:** Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Gunnar Birkeland, Sissel Johansson Brenna, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Sondre Johan H Riisøen, Ingrid Moe Albrigtsen, Cecilie Engen Fredheim

**Møtende varamedlemmer:** Ragnar Gjengedal for Tom Roger Skauge

**Forfall:** Trond Ueland

**Andre:** Ingen

**Protokollfører:** Linda McGuffie

<b>SAKSKART</b>			<b>Side</b>
<b>Vedtaksaker</b>			
<a href="#">16/17</a>	17/00097-19	Innkalling og saksliste til styremøte 03/2017	3
<a href="#">17/17</a>	17/00397-47	Vedtak om administrativ organisering	4
<a href="#">18/17</a>	17/03640-1	Mandat og rammer for Organisasjonsutviklingsprogrammet	6
<a href="#">19/17</a>	17/01957-8	Utlysning direktørstillinger	7
<a href="#">20/17</a>	17/03512-1	Årsregnskapene 2016	8
<a href="#">21/17</a>	17/03602-1	Årsrapport HVL 2016/17	9
<a href="#">22/17</a>	17/02689-5	Utviklingsavtale med Kunnskapsdepartement i 2018	10
<a href="#">23/17</a>	17/02102-7	Revidert budsjett 2017	11
<a href="#">24/17</a>	17/03120-1	Internrevisjon ved HVL 2017 samt revisjonsplan	12

<a href="#">25/17</a>	17/00845-7	Oppfølging av sak om leing og fagleg organisering	13
<b>Orienteringssaker</b>			
<a href="#">3/17</a>	17/00146-5	Orienteringar til styremøte 03/2017	14

Solstrand, 09.03.2017

Arvid Hallén

## **16/17 Innkalling og saksliste til styremøte 03/2017**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	16/17

### **Forslag til vedtak:**

Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.

### **Møtebehandling**

Styreleiar ynskta velkommen og informerte om årsaka til at møtet starta seinare enn annonsert var at styret i forkant av møtet var på eit foredrag av statssekretær Bjørn Haugstad på UH-Nett Vest konferansen. Konferansen er også grunngevinga for at styremøtet vert heldt på Solstrand.

Styreleiar meldte om forfall: Tom Skauge, vara Ragnar Gjengeland. Forfall Trond Ueland, ingen av varaene kunne møte.

Det vart ikkje meldt nokre sakar til eventuelt.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.

## **17/17 Vedtak om administrativ organisering**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	17/17

### **Forslag til vedtak:**

- Rektor får fullmakt til å endelig fastsette administrativ organisering. Grunnlaget for administrativ organisering vil være delprosjektgruppas rapport, prinsippa for administrativ organisering henta frå fusjonsavtalen og prinsippet om administrative ressursar til fakulteta slik at dekanane kan ivareta sine funksjoner som faglige og administrative leiarar.
- Styret blir løpande orientert om administrativ organisering som del av arbeidet med organisasjonsutviklingsprogrammet.

### **Møtebehandling**

Styreleiar og rektor innleia.

Styret tok lesepause for å lese brev frå dei hovudtillitsvalte og referat frå IDF møte.

Styret drøfta saka. Styret meinte at utgreiingsarbeidet som er gjort legg eit godt grunnlag for ei god organisering. Det var litt ulike syn på om det var rett å ikkje velje eit klart alternativ. Det vart lagt vekt på at dei to modellane ikkje skil seg mykje frå kvarandre. Samstundes vart det vektlagt at saka stadfester klare føresetnader for den administrative organiseringa, mellom anna at fakultetsleiinga vert sikre nok administrativ støtte, samstundes som organiseringa legg til rette for effektivitet og like løysingar.

Styret samla seg om at det ikkje er føremålstenleg at styret legg for sterke føringar på valet av løysing for den administrative organiseringa. Styret støttar at rektor i samarbeid med OU-programmet, leiinga og studentane kan gjere gode avgjerder på bakgrunn av dei prinsipp og føresetnader for organisering som saka legg til grunn.

Styret ber om å bli orientert om utviklinga i saka og at styret vert invitert til å drøfte spørsmål som det er naturleg at styret gir signal om.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

*Rektor får fullmakt til å endelig fastsette administrativ organisering. Grunnlaget for administrativ organisering vil være delprosjektgruppas rapport, prinsippa for administrativ organisering henta frå fusjonsavtalen og prinsippet om administrative*

*ressursar til fakulteta slik at dekanane kan ivareta sine funksjoner som faglege og administrative leiarar.*

*Styret vert løpande orientert om administrativ organisering som del av arbeidet med organisasjonsutviklingsprogrammet.*

## **18/17 Mandat og rammer for Organisasjonsutviklingsprogrammet**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	18/17

### **Forslag til vedtak:**

Styret tek dokumentet «Mandat og rammer for Organisasjonsutviklingsprogrammet ved HVL» til orientering og vedtek følgjande slik dei er omtalt i dokumentet:

- Overordna mål og verdiar
- Styringsprinsipp
- Prosjektportefølje slik han ligg føre ved oppstart
- Bemanning i OU-teamet

Rektor får fullmakt til å godkjenne endelege prosjektmandat.

### **Møtebehandling**

Rektor og styreleiar innleia.

Prosjektleiar for OU-programmet, Wiggo Hustad, svara på spørsmål.

Styret gav ros til saksgrunnlaget og ser fram til å følgje programmet vidare. Styret ber om at det blir lagt fram ein tidsplan for når styret er forventa å drøfte og gjere vedtak innanfor organisasjonsutviklingsprogrammet. Denne planen må vere reviderbar og ikkje vere til hinder for framdrifta i dei underliggande prosjekta.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

*Styret tek dokumentet «Mandat og rammer for Organisasjonsutviklingsprogrammet ved HVL» til orientering og vedtek følgjande slik dei er omtalt i dokumentet:*

- *Overordna mål og verdiar*
- *Styringsprinsipp*
- *Prosjektportefølje slik han ligg føre ved oppstart*
- *Bemanning i OU-teamet*

*Rektor får fullmakt til å godkjenne endelege prosjektmandat.*

## **19/17 Utlysing direktørstillingar**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	19/17

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret ber om at stillingane som organisasjonsdirektør og direktør for økonomi og arealforvaltning blir lyst ut i samsvar med rektor si tilråding

### **Møtebehandling**

Rektor innleia.

Styret drøfta saka med særleg vekt på to spørsmål, om stillingane kan lysast ut som tidsavgrensa (slik organisasjonane ynskjer) og om dei bør lysast ut internt eller eksternt. Styret konkluderte med at tidsavgrensa stillingar ikkje vil vere i tråd med gjeldande regelverk og at dei difor må lystast ut som faste stillingar. I tråd med oppmoding frå rektor om å ta stilling til om stillingane skal lysast ut internt eller eksternt vart dette spørsmålet særskilt diskutert. Det var usemje om kva som ville vere rett her. Nokre la vekt på at fusjonsplattforma seier at hovudregelen er at stillingane skal lysast ut internt i første periode, medan andre la vekt på at fusjonsplattforma opna for unnatak frå hovudregelen og at ekstern utlysing ville vere mest naturleg for denne type faste stillingar.

Styret understreka at kvalifikasjonsprinsippet må vege tungt også ved ei intern utlysning, og at stillingane skal lysast ut eksternt dersom ein ikkje ser søkarlista som sterk nok.

### **Votering**

Sidan styret var delt i saka gjorde styreleiar framlegg om votering. Forslag om å lyse ut stillingane eksternt vart satt opp mot forslaget til vedtak (intern utlysning):

For ekstern utlysning: Kjenndalen, Ubbe, Berg, Riisøen, Gjengedal, Yttri (6)  
Mot ekstern utlysning: Øye, Brenna, Fredheim, Birkeland, Albrigtsen, Hallén (7, grunna styreleiar si dobbeltstemme)

Forslaget om å lyse ut stillingane eksternt fall.

Forslag til vedtak (intern utlysning) vart vedteke med sju mot seks røyster.

### **Vedtak**

*Styret ber om at stillingane som organisasjonsdirektør og direktør for økonomi og arealforvaltning vert lyst ut i samsvar med rektor si tilråding.*

## **20/17 Årsregnskapene 2016**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	20/17

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret godkjenner rekneskapa for 2016 for tidligere Høgskolen i Bergen. Høgskulen Sogn & Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund.
2. Styret ber om å få en nærare analyse av regnskapet, herunder også en oversikt over alle avsetningar/bundne midlar, til neste styremøte.

### **Møtebehandling**

Rektor innleia. Kirsten Bakken og Kristine Tangen informerte om saka og svara på spørsmål.

Styret ser fram til å få analysen av rekneskapane for 2016. Med tanke på styrets føresetnader for å gjere gode budsjettavgjerder for 2018 er det ynskeleg at den inneheld samanliknbare tal frå rekneskapa til dei tre tidlegare institusjonane, og dessutan oversikt over areal og husleigekostnadar ved dei ulike campusane.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

1. *Styret godkjenner rekneskapa for 2016 for tidligere Høgskolen i Bergen. Høgskulen Sogn & Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund.*
2. *Styret ber om å få en nærare analyse av regnskapet, herunder også ei oversikt over alle avsetningar/bundne midlar, til neste styremøte.*



## **21/17 Årsrapport HVL 2016/17**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	21/17

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret vedtar Årsrapport 2016/2017
2. Styret signerer årsrapporten og leiarkommentarane til dei gamle institusjonane sine rekneskap for 2016.
3. Rektor sørger for at eventuelle kommentarar og innspel vert innarbeidd i dokumentet før det vert sendt til Kunnskapsdepartementet innan fristen 15.mars.

### **Møtebehandling**

Rektor innleia.

Styret drøfta saka og gav ros til det omfattande arbeidet som var lagt ned i utarbeidinga av årsrapporten. Styret ville gjerne at rapporten frå styret meir tydeleg kunne framheve styret sine framtidsvisjonar for HVL. Det vart også peikt på at den gode skildringa av Kronstad Campus kunne supplerast med noko informasjon om alle studiestadene. Styret bad også om at det i rapporten vart gitt meir informasjon om korleis bruken av nettsida fusjonsinfo.no har variert undervegs i fusjonsprosessen.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

1. *Styret vedtar Årsrapport 2016/2017*
2. *Styret signerer årsrapporten og leiarkommentarane til dei gamle institusjonane sine rekneskap for 2016.*
3. *Rektor sørger for at eventuelle kommentarar og innspel vert innarbeidd i dokumentet før det vert sendt til Kunnskapsdepartementet innan fristen 15.mars.*

## **22/17 Utviklingsavtale med Kunnskapsdepartement i 2018**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	22/17

### **Forslag til vedtak:**

Styret ber rektor om å sende inn følgende utviklingsmål som grunnlag for utviklingsavtale med departementet innan 15. mars 2017.

- HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til bærekraftig utvikling på Vestlandet.
- HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FOU miljø som støtter oppunder universitetsambisjonen.
- HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute.
- HVL skal være attraktiv og tett på studentane sine og være kjent for kvalitet i utdanninga.

Styret vil bli haldt orientert om dialogen med departementet og vidareutvikling av utviklingsmåla fram mot en endelig utviklingsavtale, som vil liggje føre i slutten av 2017.

### **Møtebehandling**

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret peika på at verksemdsmåla er gode og legg vekt på heilt sentrale mål men at dei er formulert som litt vide, og at dei som ei følgje av det kan bli vanskelege å operasjonalisere. Det er difor positivt at dei kjem til å bli spissa meir undervegs i dialogen om utviklingsavtalen som HVL skal inn i med Kunnskapsdepartementet. Styret ser fram til å bli orientert om dialogen med departementet.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

*Styret ber rektor om å sende inn følgjande utviklingsmål som grunnlag for utviklingsavtale med departementet innan 15. mars 2017.*

- *HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet.*
- *HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FOU miljø som støtter oppunder universitetsambisjonen.*
- *HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute.*
- *HVL skal være attraktiv og tett på studentane sine og være kjent for kvalitet i utdanninga.*

*Styret vil bli haldt orientert om dialogen med departementet og vidareutvikling av utviklingsmåla fram mot ein endelig utviklingsavtale, som vil liggje føre i slutten av 2017.*

## **23/17 Revidert budsjett 2017**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	23/17

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Auka SAKS-tildeling på 16 mill kr i høve til sak 47/16 vert disponert i samsvar med vedlegg til saka.

Midlar til nye studieplassar og rekrutteringsstillingar blir tildelt i tråd med sak 09/17 og 10/17.

Rektor fordeler 3,9 mill kr i øyremerkta tildeling til vitskapleg utstyr.

Rektor får fullmakt til å sjå ramme for felles HVL-budsjett og SAKS-budsjett i samanheng, og vurdere justeringar i budsjettet.

### **Møtebehandling**

Rektor innleia. Kirsten Bakken svara på spørsmål.

Styret gir tilslutning til det reviderte budsjettet.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

*Auka SAKS-tildeling på 16 mill kr i høve til sak 47/16 vert disponert i samsvar med vedlegg til saka.*

*Midlar til nye studieplassar og rekrutteringsstillingar vert tildelt i tråd med sak 09/17 og 10/17.*

*Rektor fordeler 3,9 mill kr i øyremerkta tildeling til vitskapleg utstyr.*

*Rektor får fullmakt til å sjå ramme for felles HVL-budsjett og SAKS-budsjett i samanheng, og vurdere justeringar i budsjettet.*

## **24/17 Internrevisjon ved HVL 2017 samt revisjonsplan**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	24/17

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret vedtar at HVL deltar i internrevisjonssamarbeidet som allereie er etablert for HiB, UiA, Nord og UiS ut 2017.
2. Styret ber om å få en vurdering av samarbeidsforma samt forslag til form for vidare internrevisjon frå 2018 i løpet av hausten 2017.
3. Styret ber XXXX om å være styrets kontaktperson for leder av internrevisjonsgruppa.
4. Styret vedtar den førelagde revisjonsplanen for 2017.

### **Møtebehandling**

Rektor presenterte saka.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

1. *Styret vedtar at HVL deltar i internrevisjonssamarbeidet som allereie er etablert for HiB, UiA, Nord og UiS ut 2017.*
2. *Styret ber om å få en vurdering av samarbeidsforma samt forslag til form for vidare internrevisjon frå 2018 i løpet av hausten 2017.*
3. *Styret ber Arvid Hallén om å være styrets kontaktperson for leder av internrevisjonsgruppa.*
4. *Styret vedtar den førelagde revisjonsplanen for 2017.*

## **25/17 Oppfølging av sak om leiing og fagleg organisering**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	09.03.2017	25/17

### **Forslag til vedtak:**

Styret tek saka til vitande

### **Møtebehandling**

Rektor presenterte saka.

Utgangspunktet for saka er at vedtak om fagleg organisering vart gjort utan at det vart gitt tilbod til organisasjonane om forhandlingar slik Hovudavtalen seier. Organisasjonane har bedt om at saka vart handsama på nytt.

Rektor og styreleiar erkjente at saka ikkje vart handsama i samsvar med hovudavtalen men gjekk inn for at saka ikkje vart realitetsvurdert på nytt.

Styret drøfta saka. Fleire meinte at det var ei ripe i lakken at sakshandsaminga ikkje vart gjort rett, medan andre la vekt på at ansvaret for å be om forhandlingar fell på begge partar, sjølv om arbeidsgjevar har hovudansvaret for dette. Det vart peika på at det ikkje er kome fram nye moment i saka og ei ny behandling kan ikkje ventast å gi ein annan konklusjon. Rektor la også vekt på at det ville bli lagt stor vekt på at forhandlingsretten vart ivareteken i nye saker.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

*Styret tek saka til vitande.*

<b>Saknr</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
3/17	17/00146-5	Orienteringar til styremøte 03/2017

- Sak O-03/17-1     **Protokoll frå styremøte 02/17**  
*Ingen merknadar*
- Sak O-03/17-2     **Årshjul 2017, per mars**
- Sak O-03/17-3     **NOKUT tilsyn med bachelor i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie**  
*Styret bad om å få ei sak om dette på sakskartet før NOKUT skal ha tilbakemelding 1. oktober. Saka må inkludere ein tidsplan for tiltaka som skal settast inn, inkl. ressursplan for gjennomføring av tiltaka.*
- Sak O-03/17-4     **Studiebarometeret 2016**  
*Styret peika på at Studiebarometeret er eit godt verktøy for å avdekke kva for studieprogram ved HVL som presterer bra og ikkje, men diverre kjem det ikkje dei tala så godt fram i saksframlegget. Det er også for mykje fokus på region framfor utdanningstypar.*

Det vart lagt fram to orienteringssaker som ikkje var sendt ut med sakspapira:

- Sak O-03/17-5:     **Gymnasbygget i Sogndal – oppsummeringsnotat**  
*Rektor peika på at styret fekk saka til orientering slik at ein ikkje tapte tid på å vente. Rektor peika samstundes på at det på neste styremøte vert lagt fram ei sak om dei samla arealspørsmåla for HVL*
- Sak O-03/17-6     **Orientering om forprosjekt – Kurantbygg campus Kronstad**

*Styret tek sakene til orientering.*